



INNLANDET FYLKESKOMMUNE ADMINISTRASJON
post@innlandetfylke.no

Vår ref
2024/16-4

Dykkar ref

Saksbehandler
Frode Damstuen

Dato
20.06.2024

Høyringsvar frå Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal - Innlandsstrategien 2024-2028

Representantskapet for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal hadde saka oppe til behandling i møtet 14.06.24 – sak PS 2024/3, og vedtok enstemmig fylgjande høyringsvar:

Interkommunalt politisk råd (IPR) Nord-Gudbrandsdal meiner at dei langsiktige utviklingsmåla adresserer nokre av dei største utfordringane vår region står overfor. Innlandet har store moglegheiter, men også særskilte regionale utfordringar. IPR Nord-Gudbrandsdalen vil trekke fram dei store utfordringane knytt til arbeids- og bustadmarknad og demografi i vår region.

I planporteføljen for perioden 2024 - 2028 ser vi at det er logiske og relevante endringar frå førre peioda. Planporteføljen frå tidlegare Hedmark og Oppland fylkeskommunar er gjennomgått med formål å avklare status og oppheve planar som ikkje lenger er i aktiv bruk. IPR Nord-Gudbrandsdal har ikkje innspel eller kommentarar til porteføljen. Vi forstår at fylkeskommunen har ei forventning om at planstrategien kan vere eit grunnlag/inspirasjon for vår 4-årige strategiplan. Vidare forstår vi at strategien skal vera grunnlag for konkretisering i planverket.

Innbyggerane i Innlandet

Nedlegging og reduksjon av viktige arbeidsplassar, trusselen om nedlegging av skulestader og innskrenking av linetilbod i vidaregåande skule, samt negative befolkningsframskrivingar krev aktiv motkonjunkturpolitikk og offensive regionale strategiar. Med ei aldrande befolkning og negativ folketalsvekst, blir det svært viktig å ha fokus på å skape ein meir attraktiv region både for innbyggjarar, besøkande og næringsliv i tida framover. Strategien peikar på viktige områder som er høgst aktuelle for vår region. Det er peikt på punktvis oppfølgingstiltak:

- Livskvalitetsstrategien
- Reiselivsstrategien
- Strategi for fleksibel og desentralisert høgere utdanning
- Kompetansestrategi for Innlandet

Det som er utfordrande med både mål og tiltak også i denne strategien er korleis omsette den gode vilje til praktisk politikk og samhandling mellom fylkeskommunen, kommunane og andre aktuelle

Postadresse:
Skansen 7
2670 OTTA

Org.nr: 976 634 845
Hjemmeside: www.nord-gudbrandsdal.no
E-post: e-post@regionkontoret.no

Telefon: 90915501
Bankkonto: 2095.52.93739

aktørar som til dømes HINN, NTNU, NAV, Husbanken og mange fleire. Særleg viktig er ein aktiv strategi for fleksibel og desentralisert høgare utdanning.

Innlandsstrategien er framtidsretta, og det er venta at det i oppfølginga blir tydeleggjort ambisjonar for å auke fylkeskommunen sitt engasjement og nærvær både fysisk og organisatorisk i heile fylket.

Dei rike og viktige folketradisjonane i Gudbrandsdalen må stimulerast av både fylkeskommune og kommunar. For at kulturarven og tradisjonane skal leve vidare og vidareutviklast, må nye generasjonar få opplæring og innsikt i desse. Det er viktig å byggje vidare på den identiteten som er skapt gjennom generasjonar.

Vidare er bustadreising svært viktig i vår region. Vi opplever å ikkje ha ein velfungerande bustadmarknad, og tiltak for å stimulere bustadmarknaden er viktig. Vi meiner at fylkespolitikarar, saman med lokalpolitikarane, må mobilisere eit engasjement for ein ny bustadpolitikk.

Inkludering

Som det står i strategien er gode kollektivtilbod viktig for dei unge sin livskvalitet. Det gjer det enklare å vera med på fritidsaktivitetar, sosiale samankomster og nytte kulturtilbodet. Med tanke på kollektivtilbod i vår region, trengs det nye modellar som er tilpassa lange avstandar og tynt kundegrunnlag.

Vi er i ferd med å etablere eit tre-årig pilotprosjekt under tittelen "Styrka frivillighet".

Fylkeskommunen er delaktig i prosjektet med representant i styringsgruppa. Målet med prosjektet er å etablere grunnlag for varige samarbeids- og samhandlingsrelasjonar på tvers av fritidstilbod i regionen. Vidare skal prosjektet bidra til at vi skal tenke innovativt omkring organisering, utvikling og tilrettelegging av fritidstilbod for barn og unge.

Om lag 1/3 av innbyggjarane i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet. Eit velutvikla og inkluderande arbeidsliv med plass for alle er nøkkelen til inkludering.

Vi har i vår region 300 unge mellom 20 og 29 år som er utanfor arbeidslivet. NAV Nord-Gudbrandsdal har stilt spørsmålet om kor mange personar må alle verksemdar med minst 10 tilsette i Nord-Gudbrandsdal inkludere for å løfte dei unge vaksne ut av utanforskap? Det er 273 verksemdar med 10 tilsette eller fleire i regionen. Dette syner at om kvar av dei 273 verksemdene tilset 1 person, kan det i teorien endre talet på utanforskap til det minimale. Ein bør sjå om det er aktuelt med eit samarbeid mellom det offentlege og private om eit konkret og definert prosjekt.

Innovasjon i Innlandet

Universitetsregion-prosjektet i Nord-Gudbrandsdalen er eit godt døme på eit samarbeidsprosjekt mellom akademía, offentleg sektor, frivilligheita og privat næringsliv. Med bakgrunn i utfordringane med befolkningsutvikling og arbeidsplassutvikling bør innsatsen på FoU- arbeid generelt blir styrka. Innovasjonsfokuset bør trappast opp og vidareførast for å fremme innovasjon og gjennomføringsevne i kommunane sitt utviklingsarbeid.

Offentlege anskaffingar og kjøp av tenester som styrker det lokale næringslivet i distrikta bør prioriterast.

Det er forventningar om at kunnskapen ein får frå prosjekta i *Innlandssporteføljen* skal gje grunnlag for å lage ein ny strategi og politikk for næringsutvikling fram mot 2030. Frå vår region er det også forventningar til at det vil gje vårt næringsliv tilgang og nytte av satsinga.

Infrastruktur i Innlandet

God infrastruktur er avgjerande for å gjera både Innlandet og Gudbrandsdalsregionen meir attraktiv for næringsliv, tilreisande og innbyggjarar. Som den viktigaste transportkorridoren mellom aust-vest og nord-sør, er det naturleg at hovudfartsårene E6, R15 og E136, samt Dovrebanen, blir prioritert høgt i samband med neste rullering av NTP. I tillegg bør fylkeskommunen ta ei sentral rolle i knutepunktutvikling, og styrking av kollektivtilbod i distrikta. Nord-Gudbrandsdal er den regionen i landet med lengst veg til flyplass. Med dagens teknologiske utvikling innan el-fly og droner bør det utgreiast moglegheiter for å møte denne utviklinga. Altså ein aktiv og framtidsretta samferdselspolitikk både fylkeskommunalt og kommunalt.

Behovet for omstilling i samfunns- og næringsliv er tydeleggjort på fleire måtar dei siste åra. Flaum, ras og vilt vatn har aktualisert behovet for beredskap. Innlandsstrategien bør ta sikte på å styrke sivil beredskap og auke samfunnssikkerheita med tanke på oppdaterte risikoanalyser. Ras og flaumvarsling er sentrale områder.

Norge er i ferd med å gå frå å ha overskot i kraft og nettkapasitet til å ha eit underskot. Det er forventa eit underskot i energibalansen i heile landet frå 2027. Vi meiner at det manglar ein tydeleg nasjonal politikk på kraftområdet som peikar på prioritert bruk av kapasitet på både nett og energi. Vidare bør fylkeskommunen ta ei tydeleg rolle på innspel til nettutbygging av større liner/overføringsliner. Det viktigaste for Nord-Gudbrandsdal er å auke kraftproduksjonen, da nasjonale strategiar for nettutbygging vil lette uttransport av vår lokale kraftproduksjon.

Natur og artsmangfald

Det vil i perioden bli arbeidd med eigne handlingsprogram for jordbruket og skogbruket. Det er frå IPR Nord-Gudbrandsdal ei forventning til at fylkespolitikarane utøver påverknad til sentrale myndigheiter i samband med utvikling av rammevilkår. Beiteressursar i utmark er viktig for landbruk og matproduksjon, men også fordi desse ofte er artsrike. Desse verdiane er grunnlag for busetting, attraktivitet og reiseliv, og må forvaltast langsiktig. Det er viktig at både fylkes- og kommunepolitikarar har ein aktiv rovdyrpolitikk der ein legg til grunn beitebrukarane sine erfaringar.

Villrein

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein lever i Norge, og fleire nasjonale villreinområder ligger helt eller delvis i Innlandet. Vi har eit spesielt ansvar for å ivareta villreinen sine leveområder, og sikre ein arealbruk som bidreg til framtidig livskraftige villreinstammer i alle områdene: Snøhetta, Rondane, Sølknletten, Knutshø og Forollhogna. Det ligg lokale forventningar til ein tett dialog og god samhandling med kommunane ved alle vurderingar og gjennomføring av tiltak.

Innlandet fylkeskommune må bidra til å dempe konflikter knytt til villrein. Innlandet fylkeskommune må ta omsyn til, og i større grad vektlegge lokale forhold når dei har saker til behandling. I mange tilfeller ser vi allereie at forslag til nye tiltaksplaner for villrein blir lagt til grunn når statlege instanser behandlar kommunale saker. IPR vil minne om at tiltaksplanene ikkje er vedteke enda.

IPR Nord-Gudbrandsdal meiner det er viktig at ein legg opp til ei utvikling som er realistisk. Høyringsutkastet vektlegg behovet for ein aktiv bustad-, areal- og transportpolitikk. IPR Nord-Gudbrandsdal vil påpeike viktigheita av å tydeleggjere regionsentra som viktige knutepunkt for handel, tenesteyting, servicefunksjonar og kommunikasjon/samferdsel.

IPR Nord-Gudbrandsdal ber Innlandet Fylkeskommune til å ha eit særskilt fokus på følgande utfordringar:

- Sette konkrete mål og iverksette offensive tiltak for å bistå med å bremse den negative befolkningsutviklinga i den nordlege delen av Innlandet.
- Styrke næringslivet og skape nye arbeidsplassar
- Bistå med tiltak for å styrke attraktiviteten og boligutviklinga i regionen.
- Auka satsing på desentralisering av offentlege arbeidsplassar, herunder fylkeskommunal tenesteyting og administrasjon.
- Ta ei aktiv rolle i å følgje opp strategien for fleksibel og desentralisert høgare utdanning, særskilt innan profesjonsutdanningar som sjukepleiar, vernepleiar og lærarar.
- Opplæringstilbod tilpassa næringslivets behov. Etablere ein aksept og forståing av viktigheita av breiast mogleg tilbodsvidde på vidaregåande nivå i ein region med lange avstandar.
- Bidra til å styrke innovasjonsprosjekt for både offentleg og privat sektor
- Fokus på økt lokal foredling av naturgitte råvarer, klimavenleg innovasjon i næringslivet og fokus på Innlandet som berekraftig reisemål bør vektleggast i Innlandsstrategien.
- Aktiv motkonjunkturpolitikk, spesielt retta inn mot infrastruktur og samfunnskritiske funksjonar.
- Prioritere E6, RV15, E136, Dovrebanen og Raumabanen i nasjonal samanheng.
- Styrke knutepunktutvikling og betre kollektivtilbodet i distrikta, inklusiv utredning av moglegheitene for elflytrafikk og dronebruk.
- Samhandling på tvers av kommunegrensene for å styrke den samla regionale beredskapen, både førebyggjande og operativt.
- Tiltak for å sikre at flyktningar blir varig busette i regionen
- Vidareføre skreddarsydde tiltak i regionen etter at prosjektperioden for "Styrk Sel" er avslutta.
- FOU-prosjekt med fylkeskommunen, kommunane, næringsliv og academia som partnerar.
- Samarbeid med fylkeskommunen om Innolab.

Med venleg helsing

Frode Damstuen
Daglig leder

Dokumentet er elektronisk og sendes uten signatur.

